

Til barneskulane i regionane Lister og Lindesnes i Agder
Til barneskulane i Dalane region i Rogaland

150 år sidan forfattaren Hans Seland blei fødd



Hans Seland (1867–1949) var i si tid ein kjend forteljar, forfattar, lokalhistorikar og samfunnsdebattant. Han blei fødd på garden Seland i Nes ved Flekkefjord. *Kulturlaget Seland* feirar mannen og verket ved å gi ut ei bok med forteljingar frå tre av barnebøkene hans. Boka inneheld det meste av *Prinsesse Gullsko og systrene hennar*, Hans Seland's viktigaste barnebok. I tillegg har boka kortare utdrag frå *Dagros og andre dyr* og *Ivar den spake*.

Laget tilbyr boka i digital form som støtte til undervisninga i norsk på grunnskular på sørvestlandet og vidare så langt interessa rekk. Slik kan barn i dag bli kjende med bygdelivet på slutten av 1800-talet, presentert gjennom Seland's levande tekstar. Boka finn ein på Internett på adressa

<http://www.selandia.org/skoleprosjekt.htm>

Det er gratis å lasta ned boka og å skriva ut større eller mindre delar av henne, men ingen må selja boka til andre.

Saman med dette brevet følger eit enkelt undervisningsopplegg som passar til 3. og 4. trinn i barneskulen. Opplegget er tilpassa den nye normalplanen for undervisning i norsk. Dersom det er lærarar som lagar nye opplegg, vil vi gjerne ha kopi som vi kan dela med andre.

Fortel gjerne både oss og skulefolk om de brukar boka, og korleis elevar og lærarar likar henne. Men det er det er ingen plikt til å rapportera!

Lukke til med *Ungane på Heia!*

Helsing

Nils Seland

Hans I. Seland